

SVEIO KOMMUNE**RUTINESKILDRING**

Tittel: Førstehjelp i akutte kriser	Nr. : Revisjon : Side : Dato :	
Utarbeida av : Bente H. Johannessen Godkjent av :	Sign: Sign:	

1. KVALITETSMÅL

I akuttfasen er nærleik, omsorg og kontakt det viktigaste.

- Sikre at alle involverte blir best mogleg sett og ivaretekne
- Nærleik – omsorg - kontakt

Kriseramma skal oppleve naudsynt psykologisk støtte og hjelp gjennom akuttfasen, og vidare få den oppfølginga dei har behov for i samband med krisehendinga.

2. SKILDRING

Hjelparen må vera orientert om, og ha nødvendig informasjon om det den kriseramma har vore utsett for.

Grunnregel at hjelparen skal vera relativt aktiv og nær utan å vera grenseoverskridande.

- Kort tid etter traumatisk hending kan fysisk nærhet, som å halde rundt den kriseramma, gi noko å drikke medan ein samtalar, vera nyttig.
- Legeundersøking dersom det er fare for fysisk skade, for eventuelt å utelukke dette.
- Gi tilkjenne at ein er kjent med det som er skjedd, og innleie til samtale ved å be personen fortelje om det.
- Etter at personen har fortalt kan hjelpar spørje om omstendigheter rundt hendinga. Spør kva personen tenkte, følte, gjorde på ulike tidspunkt (før, under og etter).
Hensikt: få fram følelsemessig avreagering, gjere det lettare for personen å snakke om hendinga seinare.
- Fortelje den ramma at det er heilt normalt å få fysiske reaksjonar. Normal reaksjon på unormal situasjon ikkje uttrykk for sjukdom.
- Etterlatne etter dødsulukker kan ha nytte av å få møte og snakke med hjelpepersonell som kom først til ulukkesstaden, t.d. politi, ambulansepersonell eller andre. Det kan vera gunstig for bearbeiding av hendinga. Dersom privatpersonar er dei første til ulukkesstaden må det vurderast nøye om dei er i stand til å møte etterlatne. Uansett bør alltid hjelpepersonell og ein fagperson også vera til stades.

Sjekkliste:

Kartlegge alle involverte:

- a) Skadde og andre som var direkte involverte
- b) Etterletne, pårørende
- c) Barn/ungdom
- d) Personar som var vitne til, eller i nærleiken av ulukka, men ikkje direkte involverte, t.d. først på ulukkestaden
- e) Pårørende til andre involverte i ulukka
- f) Rednings- og innsatspersonell
- g) Andre grupper, t.d. tilfeldig forbipasserande og arbeidskollegaer
 - Nødvendig tiltak i akuttfasen: Samlingsstad, lystenning, mat/drikke, varme tepper.
 - Velje pressetalsmann - (ordførar?)
 - Vurdere tiltak med tanke på informasjonsbehov til dei som er råka av hendinga

Sjå elles rutineskildring for kriseteamet – oppstart og gjennomføring

Ansvar: Faste medlemmer i kriseteamet

3. ANSVAR

- Leiar for kriseteamet eller nestleiar
- Personell som inngår i kriseteamarbeid